



[Kjekt å lesa om positive Abdirisq i Kvinnheringen](#)

I fredagens nummer av Kvinnheringen er det mykje kjekt stoff om farsdag og farsroller. Mellom dei som er intervjuet, er Abdirisq Omar Macow frå Somalia. Den blide somaliaren og familien flytta til Uskedalen i byrjinga av mars. Han fortel at familien har funne seg godt til rette i den nye heimbygda si.

Abdirisq og kona Rahma Mohamed Hassan bur i Myro saman med dei to barna deira, sonen Abdalla(5 år) og dottera Riyana(3 1/2 år). Dei ser fram til desember. Då ventar paret sitt tredje barn. Foreldra lærer norsk ved Vaksenopplæringa på Husnes medan borna er i barnehagen.

Den blide somaliaren fortel til Kvinnheringen at dei ikkje har nokon farsdagstradisjon i Somalia. Derimot er det interessant å høyra når han fortel om skilnadene som gjeld farsrolla i det aust-afrikanske landet og i Noreg. Den tilpassningsdyktige karen seier at har stor sans for likestillinga i Noreg. Han tar del i husarbeidet, og han likar godt å leika med barna. Rett ofte har eg møtt på han saman med borna i leikeapparata både på skulen og i barnehagen på fritida. No ser han fram til at han skal ut og trilla barnevogn. Når det gjeld husarbeidet, seier han at han og kona deler på alt. Han er heilt tydeleg ein familemann med stor F.

Abdirisq har etterkvart lært mykje norsk. Det gjer det lettare for uskedelingar å ta ein prat med den positive og trivlege karen. Han fortel også om framtidsplanar, og at han trivst godt i Uskedalen i intervjuet som dekkar heile sistesida i Kvinnheringen.

Onsdag kjem det nye uskedelingar frå Somalia. Det er tre unge gutar som skal bu i Beinavikjø. Vi får håpa at dei finn seg like godt til rette i bygda som familien i Myro.

Appropos farsdagen. Rumisa Karimova har laga ein svært fin video, **Hurra for far!**, om farsdagen. Den finn de på [Kvinneringen si nettavis her](#).

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland